

## Oppfølging av sjukmelde før 8 veker - aktivitetskrav

Frå og med 1. desember 2015 set NAV Hordaland ekstra fokus på det gjeldande aktivitetskravet ved åtte veker med sjukmelding, jf. folketrygdlova § 8-4. NAV vil gjere dette arbeidet i samarbeid med arbeidsgivar, arbeidstakar og sjukemeldar. Det er eit mål at den sjukemelde skal vere tilbake i jobb, heilt eller delvis, innan åtte veker. Ved åtte veker blir aktivitetskravet kontrollert særskilt av NAV. Den sjukemelde kan få stans i sjukepengar dersom kravet ikkje er oppfylt og det ikkje er grunnlag for unntak. I så fall vil den sjukemelde og arbeidsgivar som forskotterer sjukepengar få varsel om midlertidig stans i utbetaling av sjukepengar.

Det vert vist til vedlegget frå NAV

### Praktisk konsekvens for leiarar med personalansvar:

Dersom du har ein medarbeidar som etter fire veker med 100 % sjukmelding ser ut til å bli sjukmeldt 100% vidare, er det viktig å ha ein god dialog om moglegheiter for delvis friskmelding, ev. til alternative oppgåver. Dokumenter dialogen og vurderingane i den oppfølgingsplanen som skal leverast/sendast til lege/sjukmeldar etter 4 veker.

Fortsett dialogen om tilrettelegging. Dersom det også i dialogmøte 1 (innan 7 veker) viser seg vanskeleg med delvis arbeid, og den tilsette framleis er 100 % sjukmeld, bør du sende oppfølgingsplan til NAV, der det vert grunngeve nærare kvifor det ikkje har vært mogleg å leggje til rette for aktivitet på arbeidsplassen.

For å få sendt oppfølgingsplan elektronisk til NAV må du gjere følgjande i Personalportalen (modul: Oppfølging av sjukmelde):

1. Start oppfølgingssak, og registrer den/dei sjukmeldingane du har fått inn så langt. Gjennomfør og dokumenter møtet etter 4 veker.
2. Innan 7 veker: Innkall og gjennomfør «Dialogmøte 1» (sjå oppfølgingsrutinen). Skriv inn dei tiltaka som er vurdert, og gjer greie for kva for arbeidsoppgåver den sjukmelde ikkje kan utføre. Konkretiser ev. kva du treng hjelp til. Lagre samtalen/planen, skriv ut og lever til den sjukmeldte.
3. Finn så straks fram samtaletypen «Send oppfølgingsplan til NAV» lenger nede i samtaleoversikta, og opne den. (Den ligg rett før dialogmøte 2, og er sett opp for innsending etter 25 veker. Bruk den likevel nå etter 7 veker).
4. I det dialogvindauguet som nå vert opna, skal dei planpunkta du lagra tidlegare kunne dukke opp automatisk. Dersom dei ikkje gjer det, så trykk på knappen «Hent tekst» over de ulike felta, og sjekk at teksten er OK. Lagre planen med status «Gjennomført» og riktig dato.
5. Du kan nå sende planen til NAV elektronisk. Følg den vanlege framgangsmåten, sjå Brukarmanualen (ligger i Kvalitetsportalen) side 20.

Vedlegg: Skriv frå NAV datert November 2015.